



Norsk Oljemuseum
Årbok 2021



Uendelege punktum

Hugsar du korleis president Jimmy Carter såg ut då han besøkte Statfjordfeltet på 1980-talet? Eller den tida då menn brukte hatt - sjølv på veg til og frå oljeplattformer? Mange minner har lett for å forsvinne, viss dei ikkje er festa til film - som ein del av vår fotografiske hukommelse.

Av Shadé B. Martins og Julia Stangeland

Over fleire tiår har Norsk Oljemuseum samla på fotografiar, og i dag finst det godt over 100 000 bilete i museet si samling. Bileta kjem frå både inn- og utland. Museet har blant anna fått bilete frå bedrifter som legg ned, eller berre vil frigjere plass på lageret og frå privatpersonar som finn skoester med negativfilm på loftet. Profesjonelle fotografar som har vore leidd inn til å dokumentere bygginga av dei store condeepane på 1970-, 80- og 90-talet, leverer gjerne òg inn fotografia sine til museet. Det same gjeld ivrige hobbyfotografar som har arbeidd i oljeindustrien heile yrkeskarrieren.

Bilete av karneval på Statfjord A, bygginga av Ekofisktanken, kaffipausar, dykkarar i trykkammer, kokkar på jobb, fising frå dekk – å bla seg gjennom bileta i oljemuseet si samling er både glede og sorg; mange kjekke bilete manglar metadata.

Deskriptive data som kvar og kva tid biletet er tatt, kven eller kva som er fotografert og administrative data som juridiske opplysningar, er begge dømer på metadata som er med på å mogleggjere god forvaltning av bileta. Eit bilete er meir verdifullt med metadata enn utan.

Som nasjonalt sektormuseum har oljemuseet eit samfunnsansvar; me forvaltar samlingane våre på vegne av offentlegheita, altså for oss alle. Og for at flest mogleg skal få glede og nytte av samlingane er det viktig med orden og metadata.

Dei siste åra har museet si fotoavdeling lagt til side foto som er litt spesielle. Det vil seie foto som ein dag kanskje kunne bli ei såkalla «coffee table book», ei bok som er så kjekk at ho alltid ligg framme på kaffibordet. I 2020 bestemte me oss for å lage ei fotoutstilling i museet sitt



Oljemuseet si samling av solnedgangar og soloppgangar kunne fint ha blitt plassert i ei såkalla «coffee table book».
Foto: Husmo Foto/ConocoPhillips/Norsk Oljemuseum

temporærområde. Fotografia som var lagt til side skulle endeleg få skine.

Saman med utstillingsansvarleg Anja W. Fremo og historikar Trude Meland blei det gått fleire rundar, med ulike idear. Med god hjelp frå fleire tilsette ved museet og andre samarbeidspartnarar tok utstillinga form. Frå februar til november 2021

viste museet fram ein liten brøkdell av fotosamlinga i utstillinga «Fotografisk hukommelse».

Studium og punktum

Kva var det så med akkurat desse bileta som fanga merksemda vår? Den franske filosofen Roland Barthes (1915-1980) skriv om essensen til fotografiet i Camera Lucida, og trekk fram



Desse arbeidde med utstillinga «Fotografisk hukommelse»:

Frå oljemuseet: Jørn Bjerga, Paul Hogstad, Camilla Thull, Egil Idsøe, René Schur, Shadé B. Martins, Trude Meland, Anja W. Fremo og Håvard Næsje.

Utstillingsdesign: Stig Håvard Dirdal/dTurbine

Stillas: Alustar Aluminium Systemstillas

Print: Steinar Figved/Fineartprint AS

Lys: Bjørnar Mæland

«Fotografisk hukommelse», ei fotoutstilling på stillas. Foto: Shadé B. Martins/Norsk Oljemuseum

«studium» og «punktum» som to grunnar til kvifor eit bilete skil seg ut.¹

Veldig kort oppsummert kan me seie at studium indikerer dei kulturelle, sosiale og historiske linjene i eit bilete – det ein faktisk ser. Eit foto av røyr på Statfjord A er kanskje meir interessant for ein person som er interessert i Statfjord A – eller røyr. Det kan òg vere ein fordel med litt fagkunnskap for at ein skal kunne sjå meir enn berre røyr, klistremerke med tekst, boltar og nokre slangar. Dei som kan litt om produksjon av vatn offshore ser at dette er eit evaporatoranlegg som lagar ferskvatn ved fordamping av sjøvotn.

Studium gjeld òg for fotografen – som har sett gjennom linsa, og bestemt kva – av uendelege moglegheiter – som skal fotograferast. Hadde fotografen vore utdanna innan røyrteknologi hadde kanskje utsnittet vore annleis. Fotografen har uansett aldri heilt kontroll på korleis tilskodaren kjem til å oppfatte biletet. Studium er vår felles oppfatning av det me ser. Meir kunnskap gjer sjølvsagt betre innsikt,

DigitaltMuseum

Bileta som blei utstilt i «Fotografisk hukommelse» kan sjåast i sin heilskap på www.digitaltmuseum.no

Der kan du òg sjå fleire av bileta i museet si samling, og fotosamlingar frå andre museum.



Biletet av evaporatoranlegget på Statfjord A er eit godt døme på korleis teorien om studium fungerer i praksis. Foto: Jan A. Tjemsland/Norsk Oljemuseum

men me er i hovudsak einige om kva me ser på biletet.

Punktum, derimot, er det som gjer at sjåaren blir emosjonelt påverka. Det som gjer at du bit deg merke i noko. Hjå Oxford Reference står det at

Primus

Primus er museet si digitale samlings-database, og eit forvaltningssystem som brukast av fleire enn 200 museum og kulturarvinstitusjonar i Norge og Sverige.



Kva er ditt punktum i dette biletet av Lindy Munkelien? Foto: Husmo Foto/ConocoPhillips/Norsk Oljemuseum

punktum er eit omgrep brukt av Roland Barthes for å referere til ein tilfeldig, men personleg gripande detalj i et fotografi som «stikk hol» eller «stikk» ein bestemt sjår.²

La oss sjå på biletet av Lindy Munkelien i lugaren på Eldfisk. Det er mykje i dette biletet som kan vekke både kjensler og minne hjå tilskodaren. Håret til Lindy kan være punktumet som vekker minne frå ei tid då stort hår og pastellfargar var populært. Buketten på bordet kan være punktum som får deg til å tenke på fyrste gong du skulle kjøpe, eller fyrste gongen du fekk, blommar av

kjærasten. Kanskje er teppene som dekker møblane ditt punktum, eller minnet om heimen til Jannicke i 4B?

Sendt og gløymt

Rise Above Research³ gav i 2021 ut ein rapport som estimerte at verdas befolkning i løpet av 2021 kom til å ta over 1,4 billionar bilete. I den same rapporten blei det òg slått fast at mobilen ville bli brukt til å ta over 90 prosent av bileta.⁴

Kva tek me bilete av? Eit raskt søk på #food gir 478 088 064 treff på Instagram, og avslører at mat



Det gjekk gjetord om dei flotte og overdådige bufféborda ein kunne forsyne seg av om ein jobba til havs, og ved høgtidene - her på Frigg QP - la kokkane og personalet i forpleinga ekstra innsats i buffépresentasjonen. Foto: Erling Hellesund/Norsk Oljemuseum



Mat er noko av det me tar mest bilete av, og kanskje særleg når me har gjort oss ekstra flid. Foto: Ukjend/BP Norge AS/Norsk Oljemuseum

er eit populært motiv. Det same ser me òg i museet si fotosamling (med 5357 treff i Primus). Det er ikkje utan grunn at mat er eit av dei vanlegaste motiva frå bustadkvartera offshore; mat er ein viktig del av trivselen, og noko alle har eit forhold til – noko som knyt oss menneske saman.

Dei fleste matbileta museet har i samlinga er frå mellom 1970 og 1990 – i bufféborda si glanstid. Me har ikkje like mange foto av mat frå seinare tid. Kva er grunnen til dette? Slutta kokkane å gjere seg flid med presentasjonen? Eller slutta folk rett og slett å fotografere buffébord? Kanskje det

ligg tusenvis av buffébilete i den såkalla skya? I dag er det trass i alt mobiltelefonen som oftast vert nytta som kamera. Finst ikkje bileta lagra i det heile? Er bufféborda fotografert, sendt via Snapchat, sett av mottakaren, for så å bli sletta for alltid?

Før, då dei fleste bileta blei tekne med tradisjonelle fotografiapparat, hadde ein eit gitt tal bilete på filmen i kameraet⁵. Med færre tilgjengelege eksponeringar tenkte ein seg meir om før ein trykka på utløysarknappen. Ein kunne heller ikkje sjå bileta rett etter at dei var tekne, for så å ta



40 år seinare er det færre som kan identifisere nummer to frå venstre som den tidlegare amerikanske presidenten Jimmy Carter. Foto: Ukjend/Norsk Oljemuseum

eit nytt utan at Ann Helen hadde auga igjen. Ein måtte framkalle filmen fyrst. Då filmen var ferdig framkalla og kopiert til papirfoto kom alle blinkskota fram i lyset. Ikkje berre hadde Ann Helen augo igjen, men på eit anna bilete er Karl Fredrik midt i ein geisp og Tore ser ein heilt anna plass enn inn i kamera.

Prosessen med å lage eit foto var meir omstendeleg før, og 24 eksponeringar i ein film kunne ta eit heilt år å bruke opp. I dag har me allereie trykka på mobil-utlørsarknappen 17 gonger mens me lagar middag, og kanskje 26 gonger frå me set tallerken på bordet til me i det heile tatt har smakt på maten.

At me tek så mange bilete i dag gjer òg at me får mange bilete å halde styr på.

Då Frigg-feltet blei lagt ned og installasjonane var fjerna, fekk museet ein harddisk frå Total, hovudoperatøren på Frigg. På harddisken var det godt over 40 000 bilete frå fjerningsarbeidet. Då museet gjekk i gang med industriminne Draugen fekk me ein harddisk med rundt 38 000 bilete frå A/S Norske Shell, som då var operatør på Draugen. Det er til saman over 70 000 bilete – på to prosjekt!

I desse tilfella gjorde me eit utval som blei registrert i museet si samling.



Kor mange år vil det gå før ungdommar ikkje lenger veit kven Sylvi Listhaug og Erna Solberg er? Foto: Arne Reidar Mortensen/Equinor

Kvar har du lagra dine bilete? Følger du 3-2-1-regelen for lagring, 3 kopiar av alle viktige filer, filene på 2 forskjellige lagringsmedia, og 1 kopi utanfor heimen?

Snapchat brukar det slående slagordet «The fastest way to share a moment». Over 2,7 millionar brukarkontoar er registrert berre i Noreg. Mobiltelefon med kamera gjer det veldig enkelt å dele augneblink med vener og familie, men kanskje ikkje så enkelt med tanke på bevaring for ettertida.

Færre enn 1000 ord

På eit fotografi levert til oljemuseet er det tre personar. På baksida står det «meg». Me veit ikkje

kven av dei tre på bilete som er «meg» og me veit ikkje kva dei tre personane heiter. Det står heller ikkje kven som har tatt biletet. Kan det vere personen som har sendt det hit? Sannsynlegvis ikkje. Han eller ho er jo fotografert. Kven er det så? Kvar og når er bilete tatt? Er det ein spesiell grunn til at biletet er tatt, eller hadde kanskje vedkomande som eigde kameraet eitt bilete igjen på filmen – eitt bilete som ho ville bruke opp før ho sendte filmen til framkalling?

I nokre tilfelle kan eit bilete settast inn i ein større samanheng. Kanskje er det noko i bakgrunnen som gjer at me kan stadfeste kvar biletet er tatt og til å tidfeste det. Kanskje kan kledda til dei som er



Å vente var ein stor del av dykkaren sin arbeidskvardag. Då fanst det tid til å fotografere. Foto: Torger Berge/Norsk Oljemuseum

med, kvaliteten på biletet eller andre kjenneteikn vere til hjelp. Med litt flaks kjenner me ein eller fleire personar på fotoet – kanskje. Er me heldige har me andre fotografi frå same periode, og kan på den måten sette bilete inn i ein kontekst. Men mest sannsynleg har me fått eit bilete som ikkje seier meir enn tusen ord, men snarare langt færre.

Løysinga på utfordringar som dette er å ha god kontakt med givaren, og systematisk ta imot mest mogleg informasjon om biletet når det kjem til museet. Det fordrar naturlegvis at givaren har

desse opplysningane. Tid som har gått motarbeidar moglegheita for å hente inn den informasjon ein kunne ynskje å ha. Etter kvart som åra går vil me òg gløyme menneske og hendingar som «alle» visste kven var, og for yngre generasjonar vil tidlegare «kjendisar» vere fullstendig ukjente.

Mange kjende menneske har opp gjennom åra av ulike årsaker besøkt plattformer på norsk sokkel. Besøka deira har blitt godt dokumentert, og fleire av desse bileta blei vist fram i «Fotografisk hukommelse», men kor kjende er desse personane 10, 20 eller 30 år etterpå?

Erfaringar museet har gjort med elevar i vidaregåande skule viser at kjendisstatusen er ganske flyktig. Eit bilete av Jimmy Carter frå eit besøk på Statfjordfeltet på 1980-talet sa elevane lite. Ein del av elevane såg at biletet av dei fire personane i eldre overlevingsdrakter neppe er heilt nytt, men at nummer to frå venstre heitte Jimmy Carter og var president i USA frå 1977 til 1981, var det få som kunne identifisere.

Og kven er eigentleg Rolv Wesenlund, Bjørn Dæhlie og Vegard Ulvang? Det må du ikkje spørje ein 17-18-åring om. Sylvi Listhaug og Erna Solberg kjenner dei derimot igjen, men spoler me ti år fram i tid og stiller det same spørsmålet til like gamle elevar, vil dei to damene kanskje vere vanskelegare å identifisere? Kanskje vil me alle om kort tid ha gløymt både dei, Fleksnes og tidlegare langrennsheltar?



Draugen-slepet er eit godt døme på ei hending som blei oppfatta som viktig å dokumentere.
Foto: Ukjent/A/S Norske Shell/Norsk Oljemuseum

Det gjeld med andre ord både for givarar så vel som museumstilsette å ikkje ha for stor tillit til eigen hukommelse åleine. Dokumentér – dokumentér – dokumentér, slik at den fotografiske hukommelsen ikkje vil lide av store hukommelsestap.

Fotografisk hukommelsestap

Kva tek me bilete av? Kva tek me ikkje bilete av? Kva har det vore tid og høve til å fotografere? Kva har blitt ignorert? Kva er eigentleg oljehistorie? Kva har hamna innanfor ramma, og kva har hamna utanfor?

Historieskrivinga blir best viss den er eit resultat av fleire kjelder, gjerne både tekst og foto. Det er vidare ein fordel dersom historieskrivaren kan sjå historia frå så mange sider som mogleg, med eit mangfald av nyanser. Den gode historieforteljinga treng ei breidde i tid og tema. Tida kan til dømes strekke seg frå 1960-talet og fram til i dag. Tematikken kan vere mangfaldig, med alt frå plattformbilete til bilete av arrangement i regi av Petroleum Wives Club. Det kan vere bilete av kvardag og fest – av positive og negative sider av historia. Finst det motiv me gjerne



Var dette ei eingongshending eller plasserte mannen seg her dagleg for å få seg litt eigentid?

Foto: Helge Aarestad/Norsk Oljemuseum

Nederst til venstre: Når slutta menn å bruke hatt - i helikopter? Og kva tid blei det innført overlevingsdrakter for helikopterreisere? Slike spørsmål melder seg når ein ser på dette biletet. Foto: Nordal Magne Torstensen/Norsk Oljemuseum

Under: Å tidfeste eit bilete kan vere vanskeleg, men fasttelefon, eit kontor utan datamaskin og sigaretten indikerer at bilete er fleire tiår gamalt. Foto: Odd Noreger/Norsk Oljemuseum



skulle ha ynskt var festa til film? Definitivt, det er ikkje berre manglande metadata som medfører fotografisk hukommelsestap. Det kan òg vere knytt til kva som har blitt fotografert – og kva som ikkje er det. Manglande kameratilgang og kan vere ei årsak. Ei anna kan vere mangel på tid.

Bouncedykk i Nordsjøen er døme på ei historie som i liten grad har blitt festa til film. Eit bouncedykk innebar at dykkaren hadde kort tid til å gjennomføre eit dykk, ofte under dårlege lysforhold. Under sterkt tidspress og med mykje utstyr å tenke på, er det naturleg at få eller ingen har funne tid til å trekke fram eit kamera for å dokumentere prosessen. Sjølv om det er avgrensa kor mange undervassfoto som finst frå denne perioden, er dykkarhistoria likevel godt dokumentert, men då gjerne på andre måtar.

Det er ikkje berre tidspress og tekniske forhold som kan vere årsaker til at noko ikkje har blitt fotografert. Kanskje har det vore vanskeleg å tenke seg at det du står og ser på er viktig for ettertida – at det er noko som er verd å dokumentere. Kan hende er det berre dei store hendingane som er fotografert, medan kvardagane flyt forbi. Kanskje går dette òg litt i fasar.

Me kan stille oss spørsmålet: Kva har fotografen valt å ta – eller ikkje ta – bilete av?

Fotografisk hukommelse

Gjennom utstillinga «Fotografisk hukommelse»

har me ønskt å vise fram nokre av dei bileta som ikkje har vore vist før, som mannen som kviler mellom slaga, den røykande kontoristen og trøytt menn med skalk og gul drakt. Kva treng mannen pause frå? Var det ein dagleg aktivitet eller er det unntaket som er festa til film? Kva tid slutta kontoristane å røyke på kontoret? Kva tid slutta eigentleg menn å bruke hatt? Og kva tid blei det innført krav om overlevingsdrakt? Ein del av spørsmåla får me sikkert aldri eit klart svar på. Andre spørsmål har forhåpentlegvis givaren svart på då vedkomande leverte inn bileta, og noko kan me hente frå andre kjelder. Saman får me eit minne – ein hukommelse – som er tilnærma fotografisk.

Ved fyrste augekast kan desse bileta bli slått vekk som uviktige i den store samanhengen, men dei har ei stemning, ein tidskoloritt og ei evne til å vekke nyfikenheit. Punktum!

Noter

- 1 Barthes, Roland. Camera Lucida New York: Hill and Wang, 1981
- 2 www.oxfordreference.com/view/10.1093/acref/9780191800986.001.0001/acref-9780191800986-e-2210?rskey=gWPZSs&result=2511 Lasta ned 16. mars 2022.
- 3 Rise Above Research er eit konsulentfirma som har spesialisert seg på strategi og markedsintelligens innan den digitale bileteindustrien.
- 4 Rise Above Research. 2020 Worldwide Image Capture Forecast: 2020 – 2025.
- 5 Avhengig av type kamera og korleis ein lader det med film kan ein få eit forskjellig tal med eksponeringar/bilete. Dei vanlegaste filmane er 135- og 120-film, og som regel er det 24 eller 36 eksponeringar i ein 135-film (avhengig av lengda på filmen) og mellom 4 og 16 eksponeringar i ein 120-film (avhengig av storleik på ramma; 6x6, 6x7 og 6x8 er dei mest brukte).